

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 12.02.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune er svært positiv til at Vaksdal kommune har sendt ut Kulturminneplan for Vaksdal kommune 2014-2018 på høyring.
2. Hordaland fylkeskommune rår til at Vaksdal kommune har særleg merksemd på dei viktige kulturminna i Vaksdal som er knytte til landbruket, fjord og vassdrag, samferdsle og industrien.
3. Hordaland fylkeskommune rår til at det vert gjort justeringar og presiseringar i planen i tråd med merknadene i saka. Administrasjonen i Hordaland fylkeskommune står til rådvelde i arbeidet.
4. Hordaland fylkeskommune meiner at handlingsplanen har gode tiltak som svarer på aktuelle utfordringar i Vaksdal kommune.
5. Hordaland fylkeskommune rår kommunen til å prioritere gjennomføringa av handlingsplanen, setje av eigne budsjettmidlar, utvikle lokale tilskotsordningar og satse på rådgjeving av eigarar av kulturminne.
6. Hordaland fylkeskommune viser til ordninga med bygningsvernkonsulentar ved dei regionale ansvarsmusea og oppmodar Vaksdal kommune om å ta del i ordninga.
7. Hordaland fylkeskommune tek atterhald om følgjande tiltak i handlingsplanen som føreset fylkeskommunal medverknad, men som ikkje er i samsvar med gjeldande regionale kulturpolitikk:
 - a. Delmål 3, tiltak 29 (Lager/magasin for private kulturminne som folk ikkje har plass til sjølve).
 - b. Delmål 5, tiltak 35 (Samarbeid om regional kulturminne- og museumsplan).